



Kristian Mæland

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/25 - 22/395

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
20.01.2022

Løyve til fasadeendring / endring av tilbygg

Administrativt vedtak. Saknr: 004/22

Saksutgreiing:

Saka gjeld endring av tilbygg på einebustad på eigedomen gnr. 169, bnr. 41.

Eksisterande tilbygg ligg mot sørvest. Eksisterande tilbygg har eit bebygd areal på 10 m². Endringa er slik at bebygd areal til bustaden ikkje vert endra. Bruksarealet vert noko redusert.



Andre etasje på tilbygget vert rive. I staden vert det bygd ein veranda med saltak. Verandaen vert utan veggar. Møneretninga på saltaket vert 90 grader på møneretniga til bustaden.

Teikningar syner 2 fasadar før og etter ombygging.

Eigedomen ligg i eit område som etter kommuneplanen er sett av til byggjeområde.

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova (pbl). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjektera og utføra.

I § 3-1 i Forskrift om byggesak, finn ein ei meir detaljert skildring av § 20-4 tiltaka.

Etter § 3-1 i Forskrift om byggesak, er arealgrensa for tilbygg der tiltakshavar kan stå for søknad osb, lik 50 m². Grensa gjeld både samla bruksareal og bebygd areal. Det bebygde arealet til tilbygget er 10 m² og søknaden kjem inn under dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til

Nabovarsel er levert.

Det nye tilbygget vil ikkje føre til endringar av registrerte opplysningar i matrikkelen.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Kommunen har ingen merknader til søknaden frå Kristian Mæland. Bygging/endring av tilbygg på einebustad på gnr. 169, bnr. 41, kan ta til.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kristian Mæland